



Rutine for redusert foreldrebetaling i SFO

Bremanger kommune

Carina Endresen Solvåg
10.06.24



Innhold

1.	Nasjonal ordning for reduksjon i foreldrebetalinga	2
2.	12 t gratis pr veke for alle 1.- og 3. klassingar.....	2
3.	Kommunen har hovudansvaret for moderasjonsordningane	2
4.	Rettleiing frå SFO og kommunen til foreldre/føresette og andre	3
5.	Korleis søkje om redusert foreldrebetaling i SFO	3
5.1	Dokumentasjon – sjølvmelding for alle dei vaksne i hushaldet.....	3
5.2	Ved varig nedgang i inntektene inneverande år.....	3
5.3	Tilleggsdokumentasjon – når søkjar ikkje har sjølvmelding	4
5.4	Kva blir rekna som inntekt?	4
5.5	Korleis sende søknad?	4
5.6	Handsaming av søknadane	5

1. Nasjonal ordning for reduksjon i foreldrebetalinga

Ingen hushald skal betale meir enn 6 % av inntekta si for ein SFO-plass. Her ser du oversikt over kva ein full plass kostar på dei ulike einingane og kva årsinntekt som kvalifiserer til reduksjon:

		Pris pr.år (10mnd)	Årsinntekt for å få reduksjon
Svelgen	full plass	22.800	Under 380.000
Hauge	full plass	25.390	Under 423.166
Kalvåg	full plass	23.690	Under 394.833
Ålfoten	full plass	18.600	Under 310.000
Davik	full plass	18.600	Under 310.000

2. 12 t gratis pr veke for alle 1.- og 3. klassingar

For alle 1. og 3. klassingar er 12 timar pr veke gratis. Desse timane er fordelt med 2,4 t pr. dag.

3. Kommunen har hovudansvaret for moderasjonsordningane

Hushald med låg inntekt har rett til å søkje om redusert foreldrebetaling i SFO. Kommunen som SFO-mynde har ansvar for ordningane med redusert foreldrebetaling.

Som eit hushald reknast ektefellar, registrerte partnerar og sambuarar. Som sambuarar reknast to ugifte personar over 18 år som bur saman og som har budd saman i eit ekteskapsliknande forhold i minst 12 av dei siste 18 månadene, eller har felles barn. Bur eit barn fast hos begge foreldra, skal foreldrebetalinga bereknast ut frå inntekta til den forelderen som har same folkeregisteradresse som barnet.

Kommunen har ansvaret for at foreldre/ føresette blir informert om moglegheita for å søkje reduksjon i foreldrebetalinga. Denne retten trer i kraft dersom ein har låg inntekt.

Alle SFO skal ha eit oppslag på infotavla om moglegheita til å søkje redusert betaling. Alle SFO skal aktivt informere føresette om ordninga i løpet av mai månad.

Det skal til ei kvar tid liggje oppdatert informasjon angående redusert foreldrebetaling for SFO på kommunen sine nettsider.

For at ordningane skal fungere etter hensikta, vil kommunen samarbeide med alle SFO, NAV og andre offentlege instansar om praktisk gjennomføring av ordningane.

4. Rettleiing frå SFO og kommunen til foreldre/føresette og andre

Alle SFO har eit rettleiingsansvar når det gjeld foreldre/føresette som ønskjer å vite meir om ordninga og kva dei evt må gjere for å søkje om redusert foreldrebetaling.

Ønskjer dei føresette meir praktisk hjelp til søknaden så kan dei ta kontakt med kommunen ved utviklingskoordinator.

5. Korleis søkje om redusert foreldrebetaling i SFO

Alle som vil søkje om redusert foreldrebetaling i Bremanger kommune må vere folkeregistrert i Bremanger kommune.

5.1 Dokumentasjon – sjølvmelding for alle dei vaksne i hushaldet

Kommunen kan, utan hinder av teieplikta, innhente grunnlaget for siste fastsetjing av formues- og inntektsskatt for hushaldet frå skattestyresmaktene for å dokumentere inntektene til hushaldet for det siste året, jf. skatteforvaltningsforskriften § 3-3-1 andre ledd bokstav a. Kommunen kan innhente slike opplysningar og gjere nye vedtak om redusert foreldrebetalinga i heile den tida søknaden gjeld.

Dersom grunnlaget for siste fastsetjing av formues- og inntektsskatt for hushaldet ikkje kan utleverast av skattestyresmaktene, og kommunen av den grunn ikkje klarer å fatte vedtak før 1. august, skal kommunen be søkjar om å levere skattemeldinga for det siste året og eventuell skattepliktig kapital- eller personinntekt som ikkje er førehandsutfylt.

5.2 Ved varig nedgang i inntektene inneverande år

Dersom det er varig nedgang i inntektene til hushaldet inneverande år som gjer at foreldrebetalinga for eitt skuleår utgjer meir enn 6 % av inntektene kan ein søkje om reduksjon. Ein må då legge ved dokumentasjon på noverande inntekt. Denne dokumentasjonen må vere tilstrekkeleg til å gje eit bilete av hushaldet si inntekt dei siste 3 mnd.

Døme:

- Lønsslipp der bruttolønn kjem fram med evt trekk.
- Vedtak om økonomisk stønad frå NAV, Bremanger kommune, andre.
- Evt. Anna

5.3 Tilleggsdokumentasjon – når søker ikkje har sjølvmelding

Dersom hushaldet manglar sjølvmelding pga. kort opphald i Noreg evt anna, må anna dokumentasjon leggjast ved som fortel om hushaldet si totale inntekt. Denne må vere tilstrekkeleg til å gje eit bilete av hushaldet sin økonomiske situasjon dei siste 3 mnd.

Døme:

- Lønsslipp der bruttolønn kjem fram med evt trekk.
- Vedtak om økonomisk stønad frå NAV, Bremanger kommune, andre.
- Evt. anna

5.4 Kva blir rekna som inntekt?

Foreldrebetalinga skal bli berekna ut frå hushaldet si samla skattepliktige kapital- og personinntekt.

Studielån er ikkje skattepliktig kapital- og personinntekt. Studielån skal derfor ikkje takast med i inntektsgrunnlaget.

Nokre NAV-ytningar er skattepliktige, medan andre ikkje er det. Støtte til barnetilsyn er ikkje skattepliktig og skal derfor ikkje reknast med i grunnlaget.

5.5 Korleis sende søknad?

- Gå inn på www.vigilo.no. Du kan ikkje søkje via appen.
- Gå til «Logg inn OAS».
- Vel Bremanger kommune. Innlogging skjer ved bruk av ID-porten. Inne i løysinga vil du få ei oversikt over alle dine barn som er knytt til skule og/eller barnehage i Bremanger kommune.
- Klikk på ditt namn (oppe til høgre) for å kome til profilkort for føresette.
- Klikk på «Søknad om redusert betaling» i menyen.
- Klikk «Søk om redusert foreldrebetaling» for å starte søknadsprosessen.
- Etter at søknaden er sendt inn så vil du finne oversikt og status på søknaden din inne på profilkortet ditt (same plass som du søkte).

5.6 Handsaming av søknadane

- Kommunen handsamar søknadane og skriv enkeltvedtak.
- Søknadsfrist for SFO - året er 01. august. Søknadar som kjem inn etter søknadsfrist vil bli handsama fortløpande og innvilga f.o.m. neste heile månad. T.d. søker ein 5. sept. blir reduksjon gjeve frå 01. oktober, om den vert innvilga.
- Søknad blir innvilga for eitt SFO-år av gangen. Med andre ord: har ein hatt reduksjon eitt år må ein likevel søkje på nytt ved neste SFO-år for å få vidare reduksjon.

Gå inn på https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2006-06-23-724/KAPITTEL_3#KAPITTEL_3 for meir informasjon.